

Vår dato: 01.03.2019
Vår referanse: 19/5354- 2
Dykkar dato:
Dykkar referanse:

Jordleigeprisar 2019

Landbruksdirektoratet gjennomfører no den årlege jordleigeundersøkinga. Dei seinare åra har det vore ein auke i talet på kommunar som har svart, og den gode oppslutnaden om fjorårets undersøking var gledeleg. Vi håpar denne trenden held fram, og at vi får minst like god oppslutnad om jordleigeundersøkinga som i fjor.

Vi minner om at 1. juli er det 10 år sidan endringane i jordlova om driveplikt i heile egiartida vart gjort gjeldande. Etter lova kan driveplikta oppfyllest ved at det vert inngått leigekontraktar på minst 10 år. Det er derfor grunn til å vente eit visst omfang av fornya og nye leigekontraktar i år, noko som vil kunne få tyding for nivået på jordleiga.

Resultata frå undersøkinga vert nytta til ulike formål her i landet i tillegg til at jordleigeprisane vert rapportert til internasjonale statistikkorgan. For at kvaliteten på desse tala skal verte best mogeleg, er det viktig at de rapporterer inn så korrekte opplysningar som råd.

Vi ønskjer at de rapporterer inn dei **gjennomsnittlege leigeprisane per dekar/dyr (per år)** i dykkar kommune. Dette gjeld også prisar for spesialproduksjonar, der prisane ofte er høge. Landbruksdirektoratet har informasjon om at det i enkelte område vert betalt over 2000,- kr per dekar for spesielle produksjonar. Det er viktig at også slike prisar vert reflektert i dei prisane de oppgjev. Dersom leiga er vederlagsfri oppgjev de opp 0,-. kr Er det spesielle tilhøve knytt til leigeprisane i kommunen, ønskjer vi at de skriv ein kort kommentar til dette.

Skjemaet, som kan fyllast ut elektronisk, finn de på vår heimeside www.landbruksdirektoratet.no eller ved å klikke på følgjande lenke: [Jordleigeprisar 2019](#)

For meir rettleiing om utfylling – sjå skjemaet.

Vi ber om at de fyller ut skjemaet og sender til oss **innan fredag 22. mars 2019**.

Resultata frå undersøkinga vert lagt ut på [heimesida](#) vår så snart dei er klare. Her finn de også resultata frå tidlegare undersøkingar.

På førehand takk for hjelpa.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Sigurd-Lars Aspesletten
fung.seksjonssjef

Kjersti Sorteberglien
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.